



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS
Kvingebakkevegen 97
5981 MASFJORDNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/176 - 18/18672

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
13.06.2018

Vedkomande gebyrreduksjon for sakshandsamingstid - gbnr 11/135 Hølleland- Hosøy

Vi syner til mail motteke her den 10.06.2018 vedkomande førespurnad om gebyrreduksjon.

Det går fram av mail at det er ynskje om gebyrreduksjon for vedtak fatta 20.03.2018. Vi syner til mail:

«Dette var greitt om tiltakshavar kunne, sitat frå PBL § 21-7 : «regnet løyve som gitt» etter 3 veker. I telefonsamtaler og e-postkorrespondanse med sakshandsamar er det opplyst at løyve ikkje er gitt og at sitat: «alt arbeid er på egen risiko» om arbeida vert påbyrja.

Tiltakshavar v/ Arne Hosøy opplyser at ansvarlege firma i tiltaket ikkje vil setja i gang arbeida «på eigen risiko» og at arbeida ikkje vart påbegynt før løyve var gitt 20.03.2018.

Tiltakshavar er ikkje samd i at kommene her har rett på fullt gebyr og ber om gebyrbortfall tilsvarende det som gjeld for 12 vekers handsamingsfrist etter § 7-4 i byggesaksforskrifta vert gjeve i denne saka.»

Vurdering:

Beregning av tidsfrister går fram av plan- og bygningslova §21-7 2.ledd «Søknad om tillatelse til tiltak som omfattes av § 20-3 der tiltaket er i samsvar med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov, der det ikke foreligger merknader frå naboer eller gjenboere, og ytterligere tillatelse, samtykke eller uttalelse fra annen myndighet ikke er nødvendig, skal avgjøres av kommunen innen 3 uker. Dersom kommunen ikke har avgjort søknaden innen fristens utløp, regnes tillatelse som gitt.»

Søknaden i denne saka vart sendt inn som ei 3 veker sak, og vart av kommunen handsama etter 8 veker og 1 dag.

Vi viser til veileder til Sak 10 § 7-6 «Dersom kommunen oversitter fristen på 12 uker til å behandle byggesøknader og søknad som kun gjelder dispensasjon, må den tilbakebetale tiltakshaver 25 % av det totale byggesaksgebyret for hver påbegynte uke fristen overskrides. Dette følger av byggesaksforskriften § 7-4 bokstav a og plan- og bygningsloven § 21-7 første og fjerde ledd.»

Vi viser vidare til pbl § 21-7 fyste ledd «Søknad om tillatelse etter § 20-2 skal avgjøres av kommunene innen tolv uker etter at fullstendig søknad foreligger, med mindre annet følger av andre eller tredje ledd. For

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



søknad om rammetillatelse gjelder ikke andre og tredje ledd. Ved overskridelse av fristen skal kommunen tilbakebetale byggesaksgebyret etter nærmere bestemmelser i forskrift, jf. § 21-8 tredje ledd.»

Det opnast difor ikkje opp for gebyrreduksjon ved oversitting av 3 vekers fristen. Verknaden av at fristen på 3 veker vert overskriden, er at vedtak vert rekna som gitt.

Dersom tiltakshavar ynskjer å formelt klage på gebyr i denne saka ber vi om attendemelding på dette.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS Kvingebakkevegen 5981
97

MASFJORDNES